



**DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Hordaland Fylkeskommune

16 JUL 2014

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

10/1301

14.07.2014

### **Regionalt bompengeselskap i Hordaland**

Vi viser til brev av 5. mai 2014 frå Hordaland fylkeskommune om regionalt bompengeselskap i Hordaland.

I brevet ber Hordaland fylkeskommune om tilbakemelding på om bompengeavtalane for selskapa i Hordaland kan vidareførast i eit regionalt fusjonert bompengeselskap.

Vi viser til punkt 3.6 i Prop. 97 S (2013–2014) om omorganisering av bompengesektoren. Der heiter det at regjeringa tek sikte på at 2–3 bompengeselskap får ansvaret for bompengeinnkrevjinga i Noreg. Det overordna målet for dei nye selskapa blir å sørge for effektiv bompengefinansiering av transportinfrastruktur gjennom effektiv bompengeinnkrevjing og gode finansieringsvilkår. Det er svært positivt at Hordaland fylkeskommune ønskjer å bidra til dette og Samferdselsdepartementet ser fram til samarbeidet med fylkeskommunane for å leggje tilhøva til rette for ny struktur i bompengesektoren.

Med omsyn til at den endelege strukturen på sektoren ikkje er avklara p.t., meiner Samferdselsdepartementet at det ikkje er rett tidspunkt å starte ei fusjonering av bompengeselskapa i fylket. Regjeringa tek sikte på at dei nye selskapa skal vere etablerte i løpet av 2015. Fram til den tid vil ei fylkeskommunal overtaking av eigarandelar i

bompengeselskapa i fylket kunne bidra til ein meir smidig prosess når ny organisering med eit lite tal bompengeselskap skal settast i verk.

Med hilsen



Oddbjørn Gjermo  
Fung. avdelingsdirektør

*for*   
Tone Førland Hardeland  
underdirektør

Kopi til:  
Vegdirektoratet